



## Statens vegvesen

Reknes Byggjevarer LL  
v/ Egil Sagstad  
5986 HOSTELAND

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar /innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2010/249905-019

Dykkar referanse:

Vår dato:  
30.09.2014

### **Søknad om igangsetting av byggearbeid på gnr. 137, bnr. 263, Hilland - bustad 3 i Lindås kommune**

Vi viser til vårt brev av 24.09.14 med tilbakemelding på Dykkar oversending av 19.09.14 i samband med utbygging av eigedommen gnr. 137, bnr. 263 på Hilland i Lindås kommune.

Etter det vi kan sjå av Dykkar e-post av 29.09.14 meiner De at ikkje alle moment i saka var teke opp i dette brevet. Vi ber om orsaking for dette.

På møtet den 21.05.14 på Lindås Rådhus vart det semje om at dei tre bustadbygga skulle leggjast i same høgd på kote 34,0 og bustad 1 og 2 trekkast lenger bort frå den regulerte rundkøyringa på Hilland. Det vart då utarbeidd eit revidert plankart for plassering av bustadane og ny vegframføring F-11.06.14 som vart sendt til oss den 11.06.14. Statens vegvesen aksepterte i brev av 18.06.14 den nye løysinga og hadde ikkje vesentlege merknader til at bygginga av dei tre bustadane kunne setjast i gang før opparbeiding av den regulerte rundkøyringa på Hilland. Vi vurderer det slik at det ikkje er trong for dispensasjon for endring av tilkomst då dette er ei mellombels løysing inntil permanent løysing vert opparbeidd i samband med bygging av rundkøyringa. Løysinga er vel heller ikkje vesentleg i konflikt med reguleringsplanen.

Når det gjeld legging av vann og kloakkrør har Statens vegvesen ikkje vesentlege merknader til at leidningane vert lagt over vår eigedom fram til påkoplingspunkt ved fylkesvegen. Vi vurderer det slik at leidningsnettlet likevel må leggjast om i samband med bygging av rundkøyringa.

Lindås kommune har sett krav om «Grunnavståing til rundkøyring» i vedtak av 08.12.10. Vi ser ikkje nokon grunn til at spørsmålet om grunnnavståing skal setjast som vilkår for å kunne gje byggeløyve i dette tilfellet. I samband med bygging av den regulerte rundkøyringa på Hilland må det likevel forhandlast om grunn med fleire grunneigarar.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Vi håper no at det kan gjevast løyve til utbygging av dei aktuelle bustadane.  
Når det gjeld utbygging av den regulerte rundkøyringa ligg det ikkje føre konkrete planer om  
når rundkøyringa vert realisert.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen  
Lindås kommune, Byggesak, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø